



TysseLand Arkitektur AS
Olafia Zoega

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/839 - 16/14048

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
05.07.2016

Godkjenning - GBNR 23/567 - Løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg og igangsettingsløyve for graving og grunnarbeid for BK01 - Elvaåsen

Administrativt vedtak. Saknr: 230/2016

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg s kjjar: TysseLand Arkitektur AS
S knadstype: S knad om l yve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

TysseLand Arkitektur AS har p  vegne av tiltakshavar, Boligbygg Vest AS, s kt om igangsettingsl yve for graving og grunnarbeid for BK02 i Elvaåsen, gbnr. 23/567. Det vart samstundes s kt om l yve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.

Rammel yve er gitt administrativt i vedtak 183/2016, datert 9.6.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med s knad om rammel yve, jf. pbl § 21-3. S knad om igangsettingsl yve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov- og plangrunnlag:

I rammeløyve vart det godkjent oppføring av tomannsbustad i samsvar med reguleringsplan for Elvaåsen, planid: 125620110003. Løyvet vart gjeve på blant anna følgjande vilkår:

- 1) *Innan det blir gitt igangsettingsløyve må det ligge føre godkjent søknad om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.*
- 2) *Innan det blir gitt igangsettingsløyve må søknaden supplerast med erklæring om ansvar for prosjektering av arkitektur i samsvar med gjennomføringsplan motteke 9.6.2016. Det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan der gbnr blir retta til 23/567.*

Når det gjeld vilkår nr. 2 har ansvarleg søkjar sendt inn erklæring om ansvarsrett for prosjektering av arkitektur journalført motteke 9.6.2016. Oppdatert gjennomføringsplan vart sendt inn i samband med søknad om igangsetting, journalført 1.7.2016. På bakgrunn av dette finn administrasjonen at vilkår 2 i rammeløyvet er oppfylt.

Vidare er det søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg i søknad journalført 1.7.2016. Meland kommune godkjenner at gbnr. 23/567, BK02, vert tilkopla kommunalt VA-anlegg, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2 i samsvar med søknad med vedlegg frå Tyssealand Arkitektur AS. På bakgrunn av dette finn administrasjonen at vilkår 1 i rammeløyvet også er oppfylt.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for graving og grunnarbeid for BK02, Elvaåsen, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 1.7.2016.

Vidare gir kommunen løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg som omsøkt i søknad journalført 1.7.2016.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan motteke 1.7.2016 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Tysseland Arkitektur AS

Olafia Zoega